


**Reglar for bruk av
vassmålarar
i**



**VÅGÅ
KOMMUNE**

1. Kjøp, installasjon og gebyr for leige av vassmålar

- 1.1 Målaren er kommunal eigedom, og kommunen skal bera kostnaden med kjøp av sjøve målaren. Kommunen bestemmer type, plassering og storleik på målaren, tilpassa forbruket.
- 1.2 Abonnten ber kostnaden og står for ansvarleg for å skaffe røyrleggjar til å installere vassmålaren.
- 1.3 Abonnten betaler eit årleg gebyr for leige av vassmålar, som inkluderer kjøp, kontroll, vedlikehald, utskifting og drift. Gebyret blir fastsett av kommunen og går fram av gebyrregulativet.

2. Avlesing

- 2.1 Avlesing av vassmålaren skjer éin gong kvart år. Abonnten les av og melder frå innan fastsett frist. *Kommunen kan innføre alternativ avlesing av vassmålar.*
- 2.2 Dersom avlesing av vassmålar ikkje blir utført til bestemt tid eller dersom data ikkje blir innmelde til kommunen, blir årsforbruket stipulert. Kommunen kan ev. sjølv velja å lesa av forbruket. Utgiftene dette fører med seg, skal betalast av abonnten (avlesingsgebyr). Avlesingsgebyret blir fastsett av kommunen og går fram av gebyrregulativet.

3. Kontroll

- 3.1 Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla dato og tid. Vassmålaren må plasserast slik at han er lett tilgjengeleg både for avlesing og revisjon/utskifting.
- 3.2 Kommunen kan til kvar tid, ev. etter skriftleg søknad frå leigaren, kontrollere vassmålaren som er i bruk. Viser kontrollen feilavlesing på meir enn 5 %, skal årsgebyret for førre året justerast og målaren eventuelt skiftast ut utan kostnad for leigaren.
- 3.3 Dersom det ikkje lèt seg gjera å berekne feilmålte mengder nøyaktig, utan at dette medfører store kostnader, skal gebyret justerast for den perioden det er tvil om etter gjennomsnittet av nærmaste avlesingsperiode før feilen vart påvist, og/eller etter at feilen er utbetra.

4. Fleire tilknytingar

- 4.1 Kvar eigedom skal normalt berre ha éi tilknyting. I dei tilfella ein eigedom har fleire tilknytingar, skal det installerast ein målar for kvar tilknyting. Eventuelle interne målarar vedkjem ikkje kommunen.

5. Anna

- 5.1 Når vassmålar er montert, kan han ikkje fjernast utan samtykke frå kommunen.

- 5.2 Dersom vassmålar ikkje kan plasserast frostsikkert, skal gebyret baserast på stipulert forbruk etter vedtekne utrekningsreglar.
- 5.3 Blir ein målar som er i bruk, borte eller skadd, skal abonnenten omgåande melde dette til kommunen. Kommunen har rett til å krevja full erstatning for tap eller skade. Plomberte målarar kan opnast berre av kommunalt personell eller under oppsyn av kommunalt personell. Er ein plombe broten, fastset kommunen vassforbruket.
- 5.4 For installasjon og bruk av vassmålarar gjeld elles reglane for tekniske tenester i kommunen.